

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Trondheim, 06.03.2026

Dykkar ref.:
2022/628

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2025/16710

Sakshandsamar:
Egil Roll

Fagleg gjennomgang av høyringsutkast for Sognefjorden

Vi viser til Statsforvaltarens brev av 16.12.25 inkl. merknadshefte. Vi viser også til vårt brev av 30.11.23 om fastsetting av utgreiingsprogram.

Merknader til høyringsutkastet

I **kap. 1 Innleiing** står det at det marine vernet i hovudsak er eit habitatvern, og at artane som lever i verneområdet ikkje vil være ein del av vernet, men miljøet dei lever i vil bli verna. Dette er også omtalt i samandraget og i kap. 5.4. Vi ber om at denne formuleringa strykast, jf. § 3 (vernereglar) i forslaget til verneforskrift, kor det kjem fram at vegetasjonen og dyrelivet i sjø er freda mot skade og øydelegging. Tilsvarande reglar inngår også i forskriftene for vedtekne marine verneområde.

Vi ber om at **kap. 2 Bakgrunn for verneprosessen** supplerast med tekst om dei nyaste stortingsmeldingane der temaet marint vern er teke opp.

I **kap. 3.2 Sakshandsaming etter rundskriv T-2/15** visast det til merknadsheftet. I brevet om fastsetting av utgreiingsprogram, bad vi Statsforvaltaren kontrollere at vurderingar i merknadsheftet samsvarte med det som vart ståande i utgreiingsprogrammet. Vi registrerer at heftet er supplert med innspel som har kome i etterkant av prosessen med merknader til utgreiingsprogrammet, og ber no om at Statsforvaltaren kontrollerer at vurderingane knytt til desse innspela blir i tråd med forslaget som sendast på høyring.

I innleiinga til **kap. 5.4 Vernereglar**, ber vi om at det tas inn tekst med nærare omtale av dei generelle unntaka om drift og vedlikehald i § 4 og dei spesifiserte dispensasjonsreglane i § 5 i forslaget til verneforskrift. Sjå konkrete merknader om dette i vårt brev av 30.11.23. Det er viktig at omtale av unntak om drift og vedlikehald og spesifiserte dispensasjonsreglar i andre delar av høyringsdokumentet, blir i tråd med dette.

I innleiinga til kap. 5.4 omtalast også §§ 48 og 49 i naturmangfaldlova.

Naturmangfaldlova § 48, jf. § 6 i forskriftsutkastet, er ein generell dispensasjonsregel. Regelen inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Regelen opnar for at det kan gis dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtakets føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Det følgjer av forarbeida til naturmangfaldlova at den generelle dispensasjonsregelen i § 48 i første alternativ ikkje kan brukast for å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket. Regelen skal være en sikkerheitsventil for tiltak som ein ikkje kunne føresjå eller spesielle/særskilde tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet. Med tryggingssyn i andre alternativ blir det mellom anna sikta til tryggleik for liv og helse og tryggleik mot omfattande og direkte skade på eigedom. Det er eit krav at tiltaket må vere nødvendig. Med det siktar ein til at tryggingssyn må vere av kvalifisert art, og at det ikkje er praktisk mogleg å vareta dei ved tiltak utanfor verneområdet eller med mindre inngripande tiltak innanfor verneområdet. Med «vesentlege samfunnsinteresser» i tredje alternativ meinast tungtvegande omsyn av nasjonal tyding. Dette kan for eksempel vere viktige kommunikasjonsanlegg som flyplassar, jernbaner eller større samferdselsprosjekt. Saker som har stor lokal interesse eller regional tyding er ikkje tilstrekkeleg som grunnlag for å gi dispensasjon etter denne dispensasjonsregelen. Dersom det let seg gjere å ta vare på samfunnsinteressa på ein annan måte, for eksempel ved val av eit anna område eller ein annan trasé, er ikkje kriteriet «nødvendig» oppfylt. Alternative løysingar vil derfor vere ein sentral del av vurderinga av kva som er «nødvendig».

Naturmangfaldlova § 49 har ein føresegn om verksemd utanfor vernegrensa som kan medføre skade inne i eit verneområde. Kan verksemd som treng løyve etter anna lov, innverke på verneverdiane i eit verneområde, skal omsynet til desse verneverdiane tilleggast vekt ved avgjerda av om løyve bør givast, og ved fastsetjing av vilkår. Døme på slik verksemd kan vere forureinande utslepp. Det er forvaltningsorganet for det aktuelle regelverket, dvs. vedkommande sektormynd, som har plikt til å leggje vekt på desse omsyna i skjønnsutøvinga si.

Vi ber om at omtalen av §§ 48 og 49 i innleiinga justerast i tråd med dette, og at denne forståinga gjenspeglast i omtale av desse reglane i andre delar av dokumentet.

Tekst som omhandlar vurderingar i konsekvensutgreiinga (KU) er markert med blå rammer i høyringsutkastet. Det er viktig at det som står her konsekvent er henta frå KU, og skiljast klart frå det som er Statsforvaltaren sine kommentarar.

I kap. 5.4 (Ivaretaking av naturmangfald) står det at "... til dømes fiske etter nøkkelartar som brisling, torsk eller steinbit ikkje kan bli regulert av naturmangfaldlova." Dette må skrivast om. Når det gjeld fiske, har hovudtilnærminga i arbeidet med marint vern (vedtekne område og føreslegne område), vært at eventuell regulering av/forbod mot hausting av marine dyr er relatert til metode/reiskapstype (t.d. hausting som kan skade sjøbotnen), og ikkje til omfanget av hausting. Generelt har det vært lagt opp til at bestandsregulerande tiltak skjer i medhald av fiskerilovgivinga (havressurslova). Det er likevel mogleg å verne eit område i sjø mot all verksemd, forureining, tiltak og bruk, med dei avgrensingar som følgjer av folkeretten, jf. naturmangfaldlova § 39.

I kap. 5.4 (Ivaretaking av naturmangfald) og fleire andre stader i dokumentet, peikast det på at konsekvensutgreiinga har store kunnskapsmanglar om bruken av området under tema som friluftsliv/rekreasjon og reiseliv. Vi legg til grunn at Statsforvaltaren legg vekt på å hente inn nærare kunnskap gjennom den vidare verneplanprosessen, medrekna innspel i høyringa.

Forslag til geografisk avgrensing

I kap. 5.3 bør det leggst inn korte naturfaglege vurderingar (naturmangfald og verneverdiar) knytt til areal som er haldt utanfor avgrensinga av verneforslaget, medrekna areal som grensast ut i alternativ avgrensing.

Forslaget til avgrensing kan justerast i tråd med innspel frå Høyanger kommune i brev av 11.02.26, vidaresendt ved e-post frå Statsforvaltaren 12.02.26.

Vi registrerer at nokre akvakulturanlegg er grensa ut, men det er framleis fleire akvakulturanlegg innanfor verneforslaget. Vi ber om at Statsforvaltaren i den vidare prosessen søkjer å belyse korleis dette påverkar verneverdiane, og om det kan vere mogleg å grense ut anlegg, utan at ein får ein vesentleg reduksjon av verneareal og verneverdiar, medrekna variasjon i naturmangfald.

Forslaget til verneforskrift

I forskriftsutkastet § 1 (føremål) er "karbonlager" nemnt. Marine område er viktige karbonlagre. Langs kysten gjelder dette særleg område med taesskog, tang, ålegrasenger, marin våtmark og blautbotn i tidevassona. Klimaomsyn inngår likevel ikkje i måla for områdevern i naturmangfaldlova § 33, og heller ikkje i vilkåra om marine verneområde i § 39. Vi ber om at formuleringa "... og som karbonlager" strykast frå § 1. Funksjonen som karbonlager bør likevel omtalast i andre delar av høyringsdokumentet, slik Statsforvaltaren allereie har gjort.

Statsforvaltaren har foreslått eit generelt unntak i verneforskrifta for dumping av massar til sjø i samband med naudsynt rydding av veg etter ras og skred, slik at rask opning av vegar ikkje vert forhindra av det generelle forbodet mot dumping. Dette er aktivitet som potensielt kan medføre stor skade på verneverdiar. Samstundes forstår vi det slik at det ofte er ras og skred rundt Sognefjorden, at mykje av massane ville ha gått i sjøen dersom vegane ikkje var der, og man er avhengig av å rydde raskt i slike situasjonar. Vi ber om at unntaket supplerast med tekst i kursiv: "Dumping av masser til sjø i samband med naudsynt rydding av veg etter ras og skred. *Dumping skal skje så nært ras- eller skredstaden som mogleg, og forvaltingsstyresmakta skal varslast så snart som mogleg.*" Vi ber også om at Statsforvaltaren i høyringa innhentar synspunkt på om det heller bør være ein spesifisert dispensasjonsregel i forskrifta om dette.

Forskriftsutkastet § 5 (spesifiserte dispensasjonsreglar) inneheld følgjande dispensasjonsregel i bokstav d: "Legging av nye avløpsleidningar og utslepp av avløp i samsvar med gjeldande lowverk." Vi ber om at formuleringa "... i samsvar med gjeldande lowverk" strykast frå § 5. Det er vanlig en slik formulering tas inn i dei generelle unntaka i § 4, men ikkje i § 5.. Naturmangfaldlova gjeld side om side med anna lowverk, slik at kravet om samsvar med gjeldande lowverk også gjelde andre tiltak som er lista opp i § 5 i forskriftsutkastet. Tiltak i verneområde må ha løyve både etter naturmangfaldlova og etter det regelverket tiltaket generelt regulerast etter. Dersom

eit tiltak regulerast av fleire lovar, er det regelverket som har dei strengaste reglene som avgjer om tiltaket kan settast i gang.

Forskriftsutkastet inneheld ein dispensasjonsregel om flytande solcelleanlegg eller varmevekslingsanlegg. Vi ber om at denne strykast. Vi forstår det slik at dette er noko som er foreslått i konsekvensutgreiinga og at det ikkje føreligg planar om slike anlegg. Dette er tiltak som vil kunne påverke verneverdiar negativt, og ein slik dispensasjonsregel er ikkje teke med i forskriftene for andre føreslegne eller vedtekne marine verneområde.

Vi ber Statsforvaltaren kontrollere at det som blir ståande om forslaget til verneforskrift i kap. 5.4, samsvarer med det som blir ståande i det fullstendige forskriftsforslaget bak i høyringsdokumentet.

Vidare sakshandsaming

Høyringsutkastet er eit godt utgangspunkt for den vidare prosessen, og kan etter justeringar i tråd med merknadene ovanfor sendast på felles lokal og sentral høyring, jf. rundskriv T-2/15: *Saksbehandlingsregler ved områdevern etter naturmangfoldloven (§§ 41 – 43).*

Eit av spørsmåla som skal svarast ut ifølgje utgreiingsinstruksen er: *Kva er dei positive og negative verknadene av tiltaka, kor varige er dei, og kven blir berørt?* Vi ber om at Statsforvalteren i den vidare prosessen, vektlegg å belyse desse forholda på en best mogleg måte. For Sognefjorden har ein eit godt utgangspunkt, i og med at det er utarbeidd ei konsekvensutgreiing.

Vi ber Statsforvaltaren ta kontakt, dersom det er noko som er uklart eller det er behov for diskusjon.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Terje Qvam

Terje Qvam
seksjonslederseksjonsleder

Egil Roll
seniorrådgiver ii